

---

Saksnr: 2021/3685-2  
Saksbehandlar: Berit Roksvåg, Lene  
Fjeldsbø

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.03.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.03.2021

## Internasjonalt samarbeid for kvalitet og profesjonsutvikling i opplæringssektoren

### Forslag til innstilling

1. Internasjonalt samarbeid skal vere eit verkøy for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa og bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, kulturforståing, erfaring og medansvar.
2. Internasjonalt samarbeid og interkulturell kompetanse skal vere ein integrert del av skulekvardagen og eit reelt tilbod til lærlingar i bedrift.
3. Prioriterte internasjonale aktivitetar i perioden 2021-25 vil vere:
  - Vidareføring og vidareutvikling av tilboda om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune.
  - Vidareføring av deltakinga i Erasmus+programmet og oppretthalde den høge aktiviteten.
  - Vidareføring og vidareutvikling av det nordiske samarbeidet.
  - Utgreiing av moglegheitene om internasjonalt samarbeid gjennom Norec.
  - Vidareføring av internasjonalt samarbeid internt i fylkeskommunen knytt til regional kompetanseutvikling.

### Samandrag

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse gir i denne saka ei utgreiing om det internasjonale samarbeidet i opplæringssektoren og peiker på prioriteringane i det internasjonale arbeidet i sektoren i perioden 2021-25. Saka vurderer internasjonal aktivitet i sektoren som oppfølging av *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-24*, og arbeidet er forankra i nasjonale og regionale føringar og temaplanen *Fornye og forbetre - Auka gjennomføring*.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Kenth Rune Teigen Mårenl  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Framlegg til *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024* blei vedtatt av fylkestinget i sak PS 92/2020 i september 2020. Strategien skal gi ei samla tilnærming til internasjonalt samarbeid, både politisk og administrativt. Fylkestinget vedtok seks punkt som skal leggest til grunn for gjennomføringa av strategien.

1. Fylkestinget vedtek Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 med slik endring: Avsnitt 2.1.1. under "I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:" - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.
5. Fylkeskommunen får auka kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobbar for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utgreie moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.
6. EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024.

Det vil bli laga ei overordna sak til fylkesutvalet om oppfølginga av den internasjonale strategien i samband med årsrapportering for 2021.

### Gjennomføring

Politiske saker om dei internasjonale prioriteringane i dei ulike sektorane blir lagt fram for hovudutvala i mars 2021. Sektorane vil ha ulik tilnærming til bruken av internasjonalt samarbeid, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært til sektornivå. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse vil i denne saka greie ut om det internasjonale samarbeidet i opplæringssektoren og peike på prioriteringane i det internasjonale arbeidet i sektoren i perioden 2021-25. I tillegg til forankring i nasjonale føringar og regionale strategiar er arbeidet forankra i mål og strategiarbeidet i temaplanen *Fornye og forbetre - Auka gjennomføring*.

### Opplæringssektoren

Internasjonalt samarbeid har ein naturleg plass i vidaregåande opplæring. Opplæring er ein del av ein livslang dannelsingsprosess, og formålet er å gi unge menneske eit godt grunnlag for å forstå seg sjølve, andre og verda rundt seg. Internasjonalt samarbeid er eit godt og viktig verktøy for å bidra til interkulturell kompetanse og medansvar hos ungdommar.

Det er eit høgt aktivitetsnivå i sektoren. Interkulturell kompetanse og bevisstheit om globale utfordringar får elevar, lærlingar og tilsette gjennom utveksling, praksisopphald og hospitering i utlandet. Ei slik kunnskapsdeling og erfaringsutveksling gir verdi både for den einskilde og for samfunnet han/ho tar del i. Ambisjonen skal likevel ikkje vere at alle skal reise ut, men at alle elevar og lærlingar skal få ein internasjonal dimensjon i opplæringa uavhengig av om dei reiser utanlands eller ikkje.

Dette er i samsvar med nasjonale føringar som seier at kunnskap om internasjonale forhold, politikk, språk og kultur er eit mål i seg sjølv, som ein del av allmenndanninga, men også for å auke kvaliteten og relevansen i opplæringa. På alle trinn i utdanninga er det viktig å gi elevane og lærlingane interkulturell kompetanse slik at dei kan fungere i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

Fagfornyinga legg vekt på utvikling av interkulturell kompetanse og peikar i tillegg på folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling som viktige tverrgående samfunnstema som ein må samarbeide om både regionalt, nasjonalt og globalt.

«Opplæringa skal gi elevene et godt grunnlag for å forstå seg selv, andre og verden, og for å gjøre gode valg i livet» (frå Overordnet del - Prinsipper for læring, utvikling og danning)

Ungdommen er framtidens arbeidstakarar og leiarar og sjølve forutsetninga for ei berekraftig samfunnsutvikling. Samfunnet og arbeidslivet krev raske endringar og omstilling, og det blir stadig stilt nye krav til den einaskilde arbeidstakar, som i samspel med andre, kontinuerleg må tileigne seg ny og oppdatert kompetanse. Gjennom internasjonal deltaking og samarbeid legg ein til rette for møte mellom menneske, der ein både hentar og deler fagleg kompetanse, kunnskap og inspirasjon, og førebur ungdom på eit arbeidsliv som set høge krav til fagleg og sosial kompetanse. Mange av utfordringane både Vestland, Norge og verda står ovanfor må løysast gjennom internasjonalt samarbeid for å kunne gi ei berekraftig framtid. Haldningar og ferdigheiter som utviklast gjennom utdanning- og kulturutveksling vil bidra til å gjere ungdommen i stand til å fungere positivt, reflektert og inkluderande i eit fleirkulturelt norsk samfunn og i eit internasjonalt verdssamfunn.

Dei fleste av dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune samarbeider internasjonalt både gjennom elevturar, elev- og tilsettutveksling gjennom Erasmus+, OD-dag, språkdagar og deltaking i ulike prosjekt. Nokre skular har språkassistentar frå ulike land. Fleire skular har aktivitetar innan bistands- og solidaritetsprosjekt. Slike typar prosjekt er ofte eit alternativ til deltaking på OD-dagen. Internasjonal aktivitet finst på alle utdanningsprogram, og sjølv om størstedelen av samarbeidet er med land i Europa, er det fleire skular som har samarbeidsprosjekt med land i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Det internasjonale arbeidet på skulane er godt forankra i leiinga og brukast strategisk i opplæringa.

Den pågåande koronapandemien har vist at internasjonalt samarbeid og dialog på tvers av landegrensar er ein føresetnad for å kunne handtere samfunnsutfordringar, og at det er behov for internasjonal erfaring. Då pandemien råka våren 2020, blei det meste av den internasjonale aktiviteten ved skulane og i avdelinga stoppa eller satt på vent inntil vidare. [Meld. St. 7 «En verden av muligheter - Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning»](#), som blant anna omhandlar koronasituasjonen og internasjonalt samarbeid, slår fast at det likevel må planleggast langsiktig, og at det skal bli både «bedre og mer internasjonalt samarbeid» i framtida (s.7).

#### **Prioriteringar i perioden 2021-25**

- Vidareføring og vidareutvikling av tilboda om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune og oppretthalde og vidareutvikle samarbeidet med utanlandske partnarar.
- Vidareføring av deltaking i Erasmus+programmet og oppretthalde den høge aktiviteten som har vore i dei to tidlegare fylka.
- Vidareføring og vidareutvikling av det nordiske samarbeidet.
- Utgreiing av moglegheitene om internasjonalt samarbeid gjennom Norec
- Vidareføring av internasjonalt samarbeid internt i fylkeskommunen knytt til regional kompetanseutvikling.

#### **Vg2 i utlandet**

Vestland fylkeskommune har tilbod om eit opplæringsår i utlandet, og tilbodet om å ta Vg2 i utlandet er ope for elevar frå heile Vestland som har fullført Vg1 innan studieførebuande programområde eller elektrofag. Året er ein integrert del av det 3-årige vidaregåande løpet og elevane går direkte inn i Vg3 eller i lære når dei kjem heim. Elevane får undervisning og fagleg oppfølging frå koordinatorskulane i Vestland, i til dømes fellesfaget norsk gjennom heile skuleåret i utlandet slik at dei kan fortsette utdanningsløpet når dei kjem heim. Elevar kan søkje om å ta Vg2 ved ulike skular i fylkeskommunen sine samarbeidsregionar Wales/Cardiff, Skottland, Normandie i Frankrike og Erfurt i Tyskland, samt ein samarbeidsskule i Missouri i USA. Skulane som koordinerer tilboda i Vestland, er Knarvik vgs (Cardiff), Kvam vgs (USA), Askøy vgs (Tyskland), Voss gymnas (Frankrike) og Amalie Skram vgs (Skottland).

Året i utlandet kan ein skildrast som ei dannelsesreise. Elevane møter eit nytt skulesystem der dei møter nye vener og nye skikkar og får eit svært godt innblikk i ein annan kultur. Sosiale ferdigheiter og personleg utvikling, språkkunnskapar og kulturforståing er viktige læringsutbytte. Erfaringane elevane får i møte med ulike kulturuttrykk og tradisjonar, bidreg til å forme deira identitet, og dei blir meir sjølvstendige og lærar seg ofte til å ta opp og løyse problem på eiga hand. Opplæringa i utlandet bidreg også til å gi kompetanse som arbeidslivet etterspør og gir innblikk i og unike erfaringar om ulike system, både skule og arbeidsliv.

Meld. St. 7 slår fast at mobilitet og språkkunnskapar også er viktige tiltak for elevar i vidaregåande opplæring og at tilbod til elevar i vidaregåande skule kan bidra til mobilitet i høgare utdanning.

*«God opplæring i fremmedspråk forbereder og motiverer for økt mobilitet i høyere utdanning. Det er derfor viktig at opplæring i både engelsk og andre fremmedspråk holder så høy kvalitet som mulig. Regjeringen ønsker bl.a å innføre mer obligatorisk engelsk, og at elever i vgs opplæring skal ha gode muligheter til å velge og til å fordype seg i fremmedspråk. Regjeringen vil komme tilbake til dette i den varslede stortingsmeldingen om videregående opplæring» (s. 15)*

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vurderer å starte arbeidet med å utarbeide planar for å opprette ein Vg2 utanlandsklasse Vg2 i Spania i løpet av perioden. Vestland fylkeskommune har gode samarbeidspartnarar og eit omfattande nettverk i fleire regionar og byar i Europa, og for å lykkast med eit slikt opplegg må ein ha partnarar ein har samarbeidd med i mange år. Dette for å sikre at kvaliteten og det faglege utbytet svarar til opplæringsløpet i Norge.

### **Erasmus+**

Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, og er verdas største utdanningsprogram. Erasmus+ støtter mobilitet og samarbeidsprosjekt innanfor heile utdanningsløpet, og viktige prinsipp i programmet er; inkludering, digitalisering, berekraft og kvalitet.

Deltaking i Erasmus+ er ein integrert del av norsk utdanningspolitikk, og gjer det mogleg å kunne søke om midlar til ulike aktivitetar som bidreg til kvalitet og utvikling i sektoren.

I 2020 fekk Vestland fylkeskommune tildelt 5,8 millionar kroner innan Erasmus+ VET Mobilitet. Fylkesdirektøren ønsker å fortsette å bruke deltaking i Erasmus+ som eit av verktøya våre for å bidra til kvalitets- og kompetanseutvikling i Vestland fylke.

### **Mobilitet (elevar, lærlingar og tilsette):**

Erasmus+ legg særleg vekt på fag- og yrkesopplæringa (VET), og avdeling for opplæring og kompetanse søker kvart år om midlar som legg til rette for at yrkesfagelevar og lærlingar kan ha kortare eller lengre praksisopphald i eit anna europeisk land som ein integrert del av opplæringa si. I tillegg søker avdelinga midlar til at tilsette kan gjennomføre ulike hospiterings- eller jobb-skyggingsopphald.

Nytt i Erasmus-programmet frå 2021, er at det er mogleg å søke om midlar for at yrkesfagelevar og lærlingar kan delta i yrkeskonkurransar med ein internasjonal dimensjon, og at elevar ved studiespesialiserande og -førebuande kan gjennomføre eit læringsopphald (individuellt eller i gruppe) i eit anna europeisk land. Det vil truleg også bli opna opp for at ein kan søke om mobilitetsprosjekt utanfor Europa i fag- og yrkesopplæringa. Det er viktig at opplæringssektoren legg til rette for å nytte seg av dei nye moglegheitene i det nye programmet.

Felles for mobilitetsopphalda er at i tillegg til fagleg kompetanse og fordjuping, bidreg opphalda og til å fremme verdien av mangfald og inkludering, toleranse og medborgarskap. Opphalda gir moglegheit for å lære saman med elevar, lærlingar og kollegaer i andre land.

Erasmus+midlar er eit viktig bidrag for å kunne gi elevar, lærlingar og tilsette ei internasjonal dimensjon i opplæringa. Midlar til mobilitetsaktivitetar gjer at utanlandsopphald kan inngå som ein del av eit fleksibelt opplæringstilbod der læring, motivasjon og meistring inngår som viktige element. I tillegg, kan tilbod om utanlandspraksis vere med på både å heve statusen for, og auke rekrutteringa til yrkesfag. Det at ein kan søke om midlar til mobilitetsaktivitetar, gjer og at ein lettare kan oppretthalde gratisprinsippet, og mål om inkludering og likeverdig opplæring.

Kompetansen til lærarar og instruktørar er avgjerande for motivasjon, læringsutbyte og gjennomføringa til elevane og lærlingane. Slik kompetanse utviklast gjennom jamleg oppdatering, men og gjennom aktiv deltaking i læringsfellesskap. Lærarar, leiarar og instruktørar utviklar fagleg og pedagogisk dømmekraft i dialog og samhandling med kollegaer. Mobilitetsaktivitetar vil vere eit utvida tilbod til tilsette, utover dei formelle etter- og vidareutdanningane, der det er lagt til rette for erfaringsutveksling og kunnskapsdeling på eit internasjonalt nivå, og opnar opp for eit europeisk profesjonsfellesskap.

### **Samarbeidsprosjekt (Erasmus+ og EØS-midlane):**

Europeisk utdanningsamarbeid er mogleg innanfor både Erasmus+programmet og gjennom EØS-midlane. Både skulane i Vestland fylkeskommune og avdelinga er aktive brukarar og deltek i fleire slike samarbeidsprosjekt. Fylkesdirektøren meiner at deltaking i Erasmus+ og EØS-midlane gjer det mogleg for sektoren, ev. i samarbeid med arbeidsliv, å søke midlar til å arbeide med utvikling, innovasjon og nyskapande praksis som styrker utdannings- og

opplæringskvaliteten. Avdelinga skal fortsette å rettleie og støtte skular som ønsker å delta i samarbeidsprosjekt, og delta direkte i prosjekt der dette er tenleg. Det er viktig at prosjekta samsvarar med måla og strategiane i temaplan *Fornye og forbetre - Auka gjennomføring*, og det må leggast vekt på kvalitet framfor kvantitet. Slike samarbeidsprosjekt er også godt eigna for å drive «internasjonalisering heime», der den internasjonale dimensjonen femner om fleire enn berre dei som reiser utanlands.

### **Erasmus+ Akkreditering**

Erasmus+ går inn i ein ny programperiode i 2021-2027. Det nye programmet vil vere større, breiare og opne for fleire moglegheiter enn i dag. Ei av dei største endringane er den nye akkrediteringsmodellen som vil gjere den årlege søknadsprosessen enklare og gi moglegheiter til å delta med eit langsiktig og strategisk perspektiv.

Vestland fylkeskommune har søkt og fått innvilga akkreditering innan to ulike Erasmus+tiltak. Fylkeskommunen er akkreditert innan sektorane fag- og yrkesopplæring (VET) og vaksenopplæring (ADU). Akkrediteringa gjeld heile perioden og er eit samarbeid mellom avdelingane opplæring og kompetanse, innovasjon og næringsutvikling, og kultur, idrett og integrering.

Akkrediteringa betyr at fylkeskommunen koordinerer to mobilitetsprosjekt, og får forenkla tilgang til finansiering gjennom Erasmus+. Fylkeskommunen fordeler midlane vidare til vidaregåande skular, opplæringskontor, lærebedrifter, fagskule, vaksenopplæring, kommunar og ev andre organisasjonar innan utdanning og opplæring som ønsker å vere med i mobilitetsprosjektet.

Tema som er inkludert i VET-akkrediteringa, er auka gjennomføring, kompetanseheving for tilsette, interkulturell kompetanse, og styrka lokalt og regional samarbeid i fag- og yrkesopplæringa. Innanfor ADU-akkrediteringa er det kompetanseheving for tilsette, mangfaldsleiing, integrering, og kvalifisering av innvandraraktiltaka på arbeidsmarknaden som er hovudtema.

Det er også fleire av dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune som har søkt og fått innvilga akkreditering innan eit eller fleire tiltak i Erasmus+.

### **Nordisk samarbeid**

Vestland fylkeskommune har saman med Bergen kommune eit samarbeid med Bergen sine nordiske vennskapsbyar Åbo, Gøteborg og Århus. Samarbeidet omfattar også Flensburg i Tyskland. Kvart år blir det arrangert ein ungdomskonferanse (VUK), ei lærarutveksling og eit skulesjefsmøte, og arrangementa går på omgang blant vennskapsbyane.

Det har vore Fyllingsdalen vgs og Langhaugen vgs som har deltatt i elevutvekslinga, og Fyllingsdalen vgs har i fleire omgangar vore vertsskule for ungdomskonferansen, sist i 2019.

Målet med samarbeidet har vore å fremje det nordiske kulturelle fellesskapet og språkforståinga mellom dei nordiske landa. Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse meiner at ei utvikling og forsterking av samarbeidet vil vere naturleg. Det er tette band mellom dei nordiske landa, og det er allereie samarbeid på mange samfunnsområde, også utdanning.

Gjennom deltaking i programmet Nordplus kan vidaregåande skular, fagskular og vaksenopplæring søke støtte til ulike formar for utdanningssamarbeid innan Norden og Baltikum. Det vil dermed vere mogleg å hente ut økonomiske midlar for å fremme samarbeid om felles samfunnsutfordringar i Norden. Fleire vidaregåande skular i Vestland har allereie deltatt i ulike Nordplus-prosjekt.

### **Norec**

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) er eit nasjonalt kompetansesenter for utveksling, nettverksbygging og utvikling av ungt leiarskap. Norec ligg direkte under Utanriksdepartementet, og er ein del av den norske statlege utviklingspolitikken. Kjerneverksemda er å legge til rette for gjensidige utvekslingar og gir økonomisk støtte til tilsette og frivillige mellom bedrifter og organisasjonar i Norge og land i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Norec har hovudkontor i Førde, og har rundt 40 tilsette.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vil følgje opp vedtakspunkt 5 i framlegg til *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024* gjennom først å greie ut kva for moglegheiter som

finst for internasjonalt samarbeid gjennom Norec. Deretter undersøke korleis bruke programmet til å hente ut midlar til relevante utdanningssamarbeid med land utanfor Europa.

### **Samarbeid internt i fylkeskommunen**

Internasjonalisering og internasjonalt samarbeid har vore ein integrert del av det tverrgåande utviklingsarbeidet i fylkeskommunen, både innan utdanning, kultur, nærings- og samfunnsutvikling. Nytt ansvar og nye oppgåver innan integrering vil ytterlegare styrke samarbeidet. Dette samarbeidet på tvers i organisasjonen har gjort at avdelinga har teke med seg det regionale utviklingsperspektivet i tillegg til skuleutvikling i arbeidet med initiering av internasjonale prosjekt og støtte og rådgiving til dei vidaregåande skulane. Arbeidet med fagfeltet er tydeleg, og oppgåvene blir løyst på ein heilskapleg måte. For å lukkast med å auke deltaking og kvalitetssikre gode søknads- og gjennomføringsprosessar innan Erasmus+ har fylkeskommunen (OPK og INN) utvikla ei målretta og strukturert rekrutterings-, koordinerings- og tilretteleggingsteneste. Det blir gjennomført jamlege informasjons-, oppfølgings- og ein-til-ein-møte med vidaregåande skular, lærlingar, vaksenopplæringssektoren, kommunar og sivil sektor.

### **Arbeidsmåtar**

Avdeling for opplæring og kompetanse legg til rette for at skular, opplæringskontor og andre opplæringsinstitusjonar i Vestland kan delta i ulike internasjonale aktivitetar og samarbeid. Dette arbeidet inneber at avdelinga må ha kompetanse om og vere oppdatert på moglegheitene og ordningane som finst. Avdelinga informerer og retteliar dei vidaregåande skulane i deira arbeid, når dei ønsker å starte opp ein aktivitet og når dei ønsker å finne nye samarbeidspartnarar. Avdelinga legg til rette for erfaringsdeling i sektoren gjennom fysiske samlingar og digitale plattformer, som It's learning/Teams.

Arbeidet med internasjonalisering krev også at ein er tett på og har god dialog med Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku). Diku er viktige støttespelarar for fylkeskommunen m.a. når det gjeld programkunnskap, moglegheitene for deltaking og tolke og forstå målsettinga med Erasmus+. Diku tilbyr relevante informasjonsmøte, og arrangerer ulike seminar for både fylkeskommunen og våre målgrupper. Diku har også etablert viktige samarbeidsarenaer for fylkeskommunen gjennom ulike fylkesnettverk.

Fylkeskommunen har samarbeid med fleire europeiske regionar. Avdelinga har over lengre tid opparbeidd god kontakt med nøkkelpersonar i desse regionane, noko som har gitt eit godt og stabilt samarbeid. Det har vore viktig å oppretthalde og utvikle eit tett kontaktnett, særleg i dei regionane fylket har tilbod om Vg2 i utlandet.

Pandemien har ført til kraftig vekst i bruken av digitale løysingar og virtuelle verktøy i skule- og opplæringskvardagen. Desse løysingane og verktøya kan også nyttast innan utveksling og internasjonalisering. Digital teknologi og virtuelt samarbeid bør ikkje erstatte tradisjonell fysisk utveksling og mobilitet, men heller vere eit supplement, som motiverer til fysisk mobilitet (Meld. St. 7, s. 68). Erasmus-programmet har opna opp for, og oppmodar sterkt om å ta i bruk såkalla «blended mobilities», der ein kombinerer virtuell og fysisk mobilitet etter pandemien.

### **Vedtakskompetanse**

Hovudutval for opplæring og kompetanse har avgjerdsmynde med heimel i delegasjonsreglementet for Vestland fylkeskommune.

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

- Tilboda om Vg2 i utlandet er godkjent av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku) og har støtterett i Lånekassa.
- Erasmus+ tilfører midlar til Vestland fylkeskommune, og aktivitetane i programmet er 80%-100% finansiert. Desse midlane er med på å ivareta gratisprinsippet.

#### **Klima:**

- Deltaking i internasjonale prosjekt vil kunne bidra til å auke kunnskap og kompetanse på satsinga Vestland fylkeskommune har på grøn omstilling og nye framtidretta arbeidsplassar.
- Fylkeskommunen kan søke om deltaking i prosjekt som blir utlyst i Erasmus

**Folkehelse:**

- Utanlandsopphald bidreg til personleg utvikling og livsmeistring gjennom at elevar og lærlingar må tilpasse seg nye situasjonar, der dei må handtere personlege og praktiske utfordringar. Dei blir utfordra på mellommenneskelege relasjonar, verdival, grensesetting og det å respektere andre.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

- Det internasjonale samarbeidet støttar opp om mål og strategiar i utviklingsplanen i Vestland og vil kunne bidra til regional utvikling. Samarbeidet er forankra i *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024* og temaplanen *Fornye og forbetre - Auka gjennomføring* mellom anna gjennom tilbod om fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar og gjennom faglege og sosiale utviklingsmoglegheiter.
- Berekraft og miljøansvar, og inkludering og mangfald er to viktige prinsipp som ligg til grunn for deltaking i Erasmus+programmet. Internasjonalt samarbeid og mobilitet bidreg til å sikre oppfyllinga av berekraftsmåla, særleg mål 4, som går ut på å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning, og fremme moglegheiter for livslang læring for alle.

**Konklusjon**

Internasjonalt samarbeid er eit viktig verktøy for kvalitet og relevans i opplæringa, og det internasjonale arbeidet er ein integrert del av opplæringa. Fylkesdirektøren tilrår at dei prioriterte internasjonale aktivitetane i perioden 2021-25 blir vedteken.